

5. - 8. juli 2012

Førdefestivalen

FØRDE TRADITIONAL AND WORLD MUSIC FESTIVAL

Førdefestivalen 2012 slepper programmet

Under temaet Sameksistens ønsker den 23. Førdefestivalen å vise korleis fredelig samkvem mellom kulturar og folk påverkar musikk- og kulturtradisjonar på alle kontinenter. Direktør Hilde Bjørkum har sleppt heile det omfattande programmet for festivalen, som med over 80 arrangement på fire dagar er eitt av dei største fleirkulturelle arrangementa i landet.

NB! Denne pressemeldinga har sperrefrist for nett, radio og tv til torsdag 29. mars kl 0600 - og for trykte medier: torsdagsavisa 29. mars.

Spansk flamenco meter indisk raga

Indiske **Anoushka Shankar** har gått i faren, legendariske Ravi Shankar, sine fotspor og etablert seg som ei av dei store stjernene i internasjonal verdensmusikk. -Det er fantastisk å få presentere Anoushka Shankar og hennar flotte musikkarar i Førde. Ho let ragamusikk og flamenco smelte saman, slik berre ein meistar kan. Dette er ein konsert som kjem til å selje spor, seier Hilde Bjørkum, som også har sikra seg ein av verdas leiende songarar, iranske **Yasmin Levy** til festivalen. Ho song på ladno, det spansk-jadiske språket, og er den fremste eksponenten for sefaradisk musikk. Sjernesongarar er også **Alireza Ghorbani** frå Iran og **Dorsaf Hamdani** frå Tunisia. I **Ivresses** tolkar dei den verdgående persiske poeten og filosofen Omar Khayyam sine verk, i det som på same tid er eit unikt møte mellom den persiske og arabiske verda.

Halling meter kung fu i ny FRIKAR-framsyning

Ei av framtyingane festivalen er ekstra spent på, er **FRIKAR dance company** «8». Her meter koreograf Hållgrim Hansegård og tre av våre beste lausansarar kinesiske kung fu munkar til akrobatikk og rørslekunst. Musikken er nykomponert av Marco Paus. - Både vi og publikum har hatt store opplevingar med FRIKAR dance company i Førde. Det vert spennande å sjå kva «8» vil gjø oss, seier festivaldirektøren. **Stærke europeiske tradisjonar** **The Other Europeans** er ein unik produksjon som er eit handslag til den nye musikkverden frå slqbyarar og jødar i Europa. Fjorten av verdas fremst solistar innan klezmer- og sigøynarmusikk er med. **Aan Bern** er pianist og produsent, og blant solistane finn vi cimbalom-virtuos **Kálmán Balogh**, **Petar Raichev** på akordeon og Adrian Rocaanu på klarinett. Desse musikkarane er trekklasserett på den store utkonserteren fredag kveld, 6. juli. Frå Mali, Cuba og Irland Frå Mali kjem **Bassekou Kouyate** & **Ngoni Ba**. Bassekou Kouyate har lært tradisjoninstrumentet ngoni fram i lyset, og eventyrlig suksess dei siste åra gjer at han for lengst nyt stjernestatus både heime og ute. **Kamel El Harrachi** frå Algerie spelar fengjande ohlaoui, og fyller stadig flere konsertalar. På same måte fyller cubanske **Septeto Santiaguero** dansesjovla med sine emblematiske salserlymer. Det finst visst ikkje betre på Cuba. Og i skikkelig musikk er det få som kan hamle opp med populariteten til Lúnasa, som laurdag 7. juli inntek den store utescena i Førde.

Ukjend kultur for første gong i Norge

Ensemblet Sidj Goma vert også kalla «Dei svarte sulfiane frå India», og er etterkomarar av aust-afrikanske flyktningar som busette seg i Gujarat i India for 800 år sidan. Denne afro-indiske kulturen har vore totalt ukjent for resten av verda inntil for år sidan. Både små og store bør få med seg dei dei spektakulære synet av arabiske dansarar og musikkarar når dei viser oss sulfianser og andre mytiske skikkar.

Norske namn i toppsjiktet

Andre store norske namn på plakaten er Nils Økland, Knut Hårne og **Benedicte Maurseth**, som spelar europeisk tidlegmusikk og eigne komposisjonar på dei eldste hardingfeleane som er å oppdrive. **Ragnhild Furubotn** kjem med seks av landets beste bilsarar i konserten *Never on a Sunday*. **Isa Klevevåg** med Bert Ojheim og Birger Møsteggen tek hand om den alltid populære midnattskonserten i kyrkja. **Nye produksjonar - nye konsertstader - nye opplevingar!** Festivalen markerer **Lindemansjubileet** med farsyninga Skjærn Anna og Lindemarn og tre generasjonar hardingfelepelarar frå Jølster planlegg å sleppe første plata si. Jølster 2012, under festivalen. Dei som her tek pulsen på musikktradisjonen i heimbygda Jølster anno 2012, er Synnøve S. Bjørset, Gro Marie Svoldal, Erlend Ageneseth og Sigmund Eikås. I år vert det også både fjelltoppkonsert og barnekoncert ute i det fri, når festivalen i samarbeid med Sogn og Fjordane Turilag inviterer til konsert på Halstadfjellet (706 m o h) og konsert på kylfiske Hundsrasta.

Festival for heile familien

Førdefestivalen legg vekt på å ha konsertar, verkstader og aktivitetar for folk på alle aldrar. Barnebillett på vanlege konsertar kostar kr 50,-, og i tillegg er vi ekstremt rmelege for ungdom og studentar - Vi har ei lang rekke gratisarrangement kvar dag, og sandag inviterer vi til ein svært populær familiedag i Førdehuset, med stort sett gratis konsertar og aktivitetar, avsluttar direktør Hilde Bjørkum. Første dag av festivalen inviterer ho kulturaktarar dagskonferanse om publikumsbygging, under tittelen **Inn med publikum - ut med formdmane**.

Under vil du finne artistoversikt for Førdefestivalen 2012, komplett program er lagt ut på [fordfestival.no](#)

Yasmin Levy (L), The Other Europeans (MD/HJBG/FR/UK/USA/DE), Anoushka Shankar (IN), Frikar dance company: "8" (NO/CH), Bassekou Kouyate & Ngoni Ba (ML), Kamel El Harrachi (TZ), Trio Medivaldo, Ragnhild Furubotn - Never on a Sunday (NO), Lúnasa (IE), Asmund Nordstoga & Abildsø Spelemannslag (NO), Alireza Ghorbani & Dorsaf Hamdani: Ivresses (RTN), Ellika/Solo/Rafael (SEN/OM), Renata Rossa (BR), The Nordic Fiddlers' Bloc (NO/SE/UK), Lindig (FR-Raunion), Kálmán Balogh & The Gypsy Cimbalom Band (HU), Sergey Starostin Ensemble (RU), Harald Hauggard Trio (DK), Musicians of the Nile (EG), Nils Økland, Knut Hårne, Benedicte Maurseth (NO), Elisabeth Seltz (DE), Philippe Pierlot (BE), Svanvit (SE), Sidj Goma (IN), Danyal (MG), Septeto Santiaguero (CU), Shunsuke Kimura x Etsuro Ono (JP), Apsilles (GR), Kyungso Park (KR), Camilla Granlien, Marit Karlsen, Stein Villa, Kvedarkvintetten, Celso de Carvalho, Gabriel Fillet, P.A. Restads orkester, Marie & Julie, Godsruta, Andreas Bjerkås, DJ 99, Synnøve Bjørset, Gro Marie Svoldal, Sigmund Eikås, Erlend Ageneseth, Wang, Gamebanken Spelemannslag, Sjøvers Orkester, Indre Sunnfjord Spelemannslag, Steinar Otsdal, Aissa Tobli m. fl

NB! Denne pressemeldinga har sperrefrist for nett, radio og tv til torsdag 29. mars kl 0600 - og for trykte medier: torsdagsavisa 29. mars.

Festivalveiling og artistar er tilgjengelege for intervju og vi har ei rekke foto til fri bruk for media.

FOR INTERVJU, FOTO OG GENERELL INFORMASJON:

Hilde Bjørkum, Festivaldirektør, tlf: 90 91 99 33, e-post: hilde.bjorkum@fordfestival.no

Torill Faleide, Kommunikasjonssjef, tlf: 90 73 85 27, e-post: torill.faleide@fordfestival.no

Therese Asker, Kommunikasjonrådgiver, tlf: 91 19 72 16, e-post: therese@fordfestival.no

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival er ein av Norges knutepunktfestivalar og Skandinavia største festival for akustisk verdensmusikk. Kvar år presenterer festivalen om lag 250 artistar frå heile verda. Programmet omfattar over 80 ulike festivalarrangement, og totalt besøktal ligg på 25-30 000 kvart år. Festivalen vil bli dekkja av nasjonal og internasjonal presse. **HRK Kronpressesess Mette-Mart** er festival sin høge beskyttar. 5.-8. juli 2012 blir festivalen arrangert for 23. gong. Programinformasjon og andre opplysningar på [fordfestival.no](#).

Billetter til festivalen er i sal via Posten, Billettservice tel 815 33 133, www.billettservice.no, frå torsdag 29. mars kl. 12:00